

– Klar, ferdig, gå!



START: Dei 90 borna gjev alt ut i frå start.



VELFORTEINT IS: Desse blide jentene kosa seg med is etter at dei var komne i mål. F.v. Erle (6), Ingrid (9), Ronja (8) og Anna (8). (Foto: Camilla Korsnes)

Klokka tre gjekk startskotet for motbakkeløpet Ramnanuten Opp, og mange mosjonistar i alle aldrar ville vera med på utfordringa.

Ein time tidlegare var det dei minste som sprang over startstreken, i det kring ein kilometer lange barnløpet, som går frå SvingenPuls til Tysnes kyrkje og attende. Alle borna fekk medalje og is etter fullført løp. I fjor, då løpet vart arrangert for fyrste gong, var 68 born med og sprang barnløpet. I år var det kring 90.

Sprike syskenbarn

Joakim Olsen Lunde (9) var med for andre året på rad, og kom fyrst i mål i barnløpet.

– Eg kom på 4. plass i fjor, og hadde kanskje tippa på ein 3. eller 2. plass i år, seier ein nøgd Joakim, som også kunne røpa eit aldri så lite triks til framtidige deltakarar:

– Eg heldt ein stein i neven for ikkje å få sting. Det virka, men eg slapp den då eg kom i mål, og då fekk eg litt vondt i sida. Då smakte det godt med is, smiler han.

Fetteren til Joakim, Jonas Siglevik Lunde (10), vart nummer to i mål. Både han og Joakim spelar fotball til vanleg, og trur det har mykje å seia. Jonas deltok i barnløpet for fyrste gong i år, og kunne sjå seg godt nøgd med

andreplassen.

– Det var kjekt å koma på 2. plass. Eg hadde eigentleg ingen tankar på førehand om korleis det kom til å gå, seier han.

Raskaste jente

Fyrst i mål av jentene var Tora Nødland Austvik (10). Ho var ikkje mange plassane bak gutane i tet, og presterte endå litt betre enn i fjor, så ho fortel ho kom i mål på tiandeplass eller der omkring.

– Eg er nøgd med korleis det gjekk no, seier ho.

Motbakkeløp for alle

Nytt av året er at det er to klassar i motbakkeløpet: Ein mosjonsklasse og ein konkurranseklasse. I fjor deltok alle i same klasse, men arrangørane såg at det var trong for å dela det opp, slik at folk kunne delta i ein klasse dei følte seg komfortable i. Skilnaden mellom klassane var at det i mosjonsklassen ikkje var tidtaking.

Bortimot 100 personar melde seg på i dei to klassane til saman, med ei ganske jamn fordeling 50/50 på mosjons- og konkurranseklassen. I fjor var det totalt 78 deltakarar.

Siste gruppe ut var konkurranseklassen, som starta halv fire.

Resultata finn du på www.tysnesbladet.no.